

**PLANSKILDING FOR
REGULERINGSPLAN JULSUNDET SENTRUM
AUKRA KOMMUNE**



TILTAKSHAVAR

Aukra kommune

ARKITEKT/ PLANLEGGAR



ARKITEKTKONTORET BBW AS

BENGT BRANDT
ASBJØRN BUA
SVEIN WALLE

JULSUNDEVN. 4 6412 MOLDE
TLF 71 24 02 60 FAX 71 24 02 61
MEDLEM AV ARKITEKTBEDRIFTENE - ARKITEKTER MNAL

10.06.2014 / Sist revidert 08.01.2015

INNHALD

1.	Samandrag	3
2.	Bakgrunn for planarbeidet	3
3.	Planprosessen og medverknad	3
4.	Planstatus	4
5.	Skildring av planområdet, eksisterande forhold	5
6.	Skildring av planforslaget	8
7.	Konsekvensutgreiing	13
8.	Verknadar/ konsekvensar av planforslaget	14
9.	Innkomne innspel	22
10.	Endringar etter offentleg ettersyn	23

1. SAMANDRAG

Det viktigaste grepet i planforslaget er å utvide skulen sitt uteområde sørover. Planforslaget legg og opp til å betre trafikktrygginga for skuleelevane og andre som ferdast i området. Det er planlagt gang- og sykkelveg langs Vollskaret. Av- og påstigning for skulebussen er lagt på austsida av vegen slik at ein slepp å krysse denne for å komme til skuleområdet. Gangvegen som kjem frå nord er flytta slik at ein oppnår ei tryggare kryssing over vegen til skuleområdet.

2. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Føremålet med planen Føremålet med planen er å sikre areal til utviding av Julsundet skule med uteområde, samt leggje til rette for ny vegløyning. Samstundes skal ein sikre landbruksverdiar og samle tidlegare reguleringsplanar i ei plan så langt det let seg gjere.

Tiltakshavar Aukra kommune.

Arkitekt/plankonsulent Arkitektkontoret BBW AS, Julsundvegen 4, 6412 Molde.

Tidlegare vedtak i saken I desember 2013 vedtok formannskapet og kommunestyret oppstart av forprosjekt for utbygging av Julsundet skule. Det vart vedtatt at det skal utarbeidast detaljregulering for området, der utforming og plassering av bygningsmasse og infrastruktur vert avklart. Kommunen ønska også å innarbeide dei fem gjeldande reguleringsplanane i Julsundet sentrum heilt eller delvis i den nye plana og oppheve dei gamle.

Krav om konsekvensutgreiing Ved høyring i samband med oppstartsmeldinga er det ikkje fremja krav om planprogram og konsekvensutgreiing etter PBL. Kommunen har heller ikkje sett at det er naudsynt med ei konsekvensutgreiing.

3. PLANPROSESSEN OG MEDVERKNAD

Planprosessen Etter vedtaket i formannskapet/kommunestyret starta reguleringsarbeidet for Julsundet sentrum opp i januar 2014. Planområdet omfatta areal rundt sjølve skuletomta og barnehagen, i tillegg til området sørover mot krysset til fylkesvegen.

Det har tidlegare blitt utarbeidd ideskisser av to arkitektkontor for utviding av skulen. Norconsult har også utarbeidd tre rapportar: «*Kvalitetssikring som beslutningsgrunnlag*» (30.05.13), «*Rom- og funksjonsprogram*» (11.10.13) og «*Befolkningsprognoser og prognoser for elevtall i skuleområdet og skoler i Aukra kommune*» (19.11.13). Aktuelle vurderingar frå dette arbeidet vert lagt til grunn for planarbeidet.

Melding om oppstart Melding om oppstart av reguleringsarbeidet vart annonsert den 10.01.2014. Kommunen fekk sju merknadar. Desse er referert i kapittel 9.


Medverknad

Det er halde to møte med grunneigarar som i særleg grad får merke konsekvensane av ulike planforslag (eitt møte med gbn 16/3 og 16/6 – 17/5 og eitt møte med gbn 17/2, 17/3 og 17/4). I begge møta understreka grunneigarane at planforslaget med ny veg til Julsundet skule, frå området ved gamle Fanghol skule og rett nordover, ikkje kunne akseptierast. Dei ønska primært å nytte eksisterande tilkomst til Julsundet skule, eventuelt med mindre justeringar.

4. PLANSTATUS

Kommuneplan

I gjeldande kommuneplan, vedteken 21.06.2006, er planområdet avsett til føremåla bustad, framtidig og nåverande offentlege areal, framtidig industriområde, sentrumsføremål og LNF-område. Arbeidet med ny kommuneplan er starta opp og går parallelt med denne reguleringsprosessen.



Utsnitt frå kommuneplanens arealdel 2006-2018

Gjeldande reguleringsplanar

Gjeldande reguleringsplanar som skal opphevast heilt av ny plan er:

- Reguleringsplan for Julsundet sentrum endring 02 (20.06.2007).
- Reguleringsplan for Julsundet sentrum endring 01, mindre vesentlege endringar (11.10.2007).
- Reguleringsplan for Julsundet sentrum, endring 02, mindre planendring (15.02.2012).
- Reguleringsplan for Julsundet sentrum, endring 03, Bergetippen barnehage (29.03.2012).

Gjeldande reguleringsplanar som delvis skal erstattast av ny plan er:

- Reguleringsplan for Julsundet sentrum (07.09.1988).

Statlege
planretningslinjer/
rammer/føringar

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga. Retningslinjene gir kommunane ansvar for å ta vare på interessene til barn og unge i planlegginga. Vidare går det fram at kommunane skal avsette tilstrekkelege, store nok og eigna areal til barnehagar.

Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging. Føremålet med retningslinjene er å oppnå betre samordning av areal- og transportplanlegginga. Arealbruk og transportsystem skal utviklast slik at dei fremje samfunnsøkonomisk og effektiv ressursutnytting med miljømessig gode løysningar, trygge lokalsamfunn og bumiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkutvikling.

5. SKILDING AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE FORHOLD

Plassering

Planområdet ligg i Julsundet sentrum, på austsida av fylkesveg 662.



Planområdet si
Avgrensing/ storleik

Planområdet er på 92,6 dekar. Bildet ovafor viser planområdet si avgrensing.

Nåverande arealbruk
og tilstøytane
arealbruk


Den nordlegaste delen av planområdet er nytta til skule, barnehage og parkering. Nordover grensar planområdet til eit bustadområde. Den kommunale vegen, Vollskaret, er tilkomstveg for området. Like aust for

	<p>skulen ligg det også nokre bustadar. Desse har tilkomst langs vegen sør for skulen. Lenger sør er det eit landbruksområde og i vest går fylkesveg 662. I sør stoppar planområdet ved krysset til fylkesvegen.</p> <p>Det ligg føre planar om eit framtidig bustadområde på Matberget, nordaust for planområdet.</p>
Stadens karakter og landskap	<p>Skulen ligg på ei lita høgde og ein litt høgare skogkledd kolle skil skuleområdet frå landbruksområdet i sør. Skuleområdet er for det meste opparbeidd, men har også noko innslag av skog. Området nord for skulen er brattare og skogkledd.</p>
Kulturminner/ -miljø	<p>Det er ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Det er tidlagare utført registrering for delar av planområdet. Fylkeskommunen skriv i sin merknad at området likevel inneheld eit visst potensiale for funn av kulturminner, særleg rundt flatene ved Fanghol gamle skule.</p>
Landbruk	<p>Sørleg del av planområdet – gnr 16, bnr 3 - er eksisterande landbruksareal.</p>
Trafikktilhøve	<p>Fylkesveg 662 har ein ÅDT på 3170 og fartsgrensa er 80 km/t. Den kommunale vegen, Vollskaret, som går langs skulen i vest er tilkomst for eit bustadområde med omlag 15 bustadar. Fartsgrensa her er 30 km/t.</p> <p>Krysset til fylkesvegen (og undergangen) er i dag i for dårleg stand til å kunne handtere ein auka trafikk og må derfor utbetrast. Langs store delar av denne strekninga er det etablert gang- og sykkelveg på austsida av fylkesvegen. Langs skulen og eit stykke sørover frå krysset er det ikkje etablert eigen løysing for gåande og syklande.</p> <p>I tillegg til busstopp/snuplass ved skulen er det etablert to busshaldeplassar like nord for krysset på fylkesvegen.</p>
Barn og unge sine interesser	<p>Barn og unge bruker skulen og barnehagen sine areal også i fritida. Barnehagen sine areal vert nytta til leik, mens skulen vert nytta til leik og organiserte fritidsaktiviteter.</p>
Sosial infrastruktur	<p>Barnehagen er nyleg utvida, men det er framleis behov for å legge til rette for utviding av barnehagekapasiteten i Julsundet. Det er ikkje tilstrekkeleg areal for ei ny, større utviding ved Bergetippen barnehage. Kommunen må derfor vurdere ny lokalisering av barnehage i den pågåande rulleringa av kommuneplana sin arealdel.</p> <p>Skulen har trong for større undervisningsareal og uteareal. Planarbeidet er starta opp for å avklare utforming og plassering av ny bygningsmasse og uteareal.</p>
Teknisk infrastruktur	<p>Det er eksisterande anlegg for avlaup, vatn- og elforsyning i området.</p>


Grunnforhold

Detaljplanen vert utarbeidd for å kunne utvide skulen sitt areal. Ein legg ikkje opp til større utbyggingar elles i planområdet som i stor grad er utbygd.

Aktsemdkartet for snø- og steinskred nedanfor viser områder i nærleiken som potensielt kan vere utsett for skredfare. (www.miljostatus.no/kart)




Aktsemdkartet for snøskred nedanfor viser potensielle utløysings- og utlaupsområde for snøskred. (www.miljostatus.no/kart)



Risiko og sårbarheit, eksisterande situasjon

Det er registrert fire trafikkulykker langs fylkesvegen i området dei fire siste åra. Tre er lettare skadd og ein alvorleg. Ulykkene er merka av på kartet neste side.

Det er av naturlege grunnar noko trafikkstøy i området på grunn av nærleiken til fylkesvegen. Området er vendt mot sørvest og har gode soltilhøve. Det er skjerma mot nordaust av stigande terreng og har god utsikt mot sjøen.



Næring Det er ikkje næringsverksemd innanfor planområdet.

Analysar/ utgreiingar Under «Planprosessen», side 3, er det nemnt ulike rapportar og ideskisser som er utarbeidde. Aktuelle vurderingar frå desse rapportane vert lagt til grunn for planarbeidet.

6. SKILDRING AV PLANFORSLAGET

Planlagt arealbruk Planområdet vert regulert til undervisnings- og barnehageformål med tilhøyrande uteopphaldsareal og parkering. Bustad og landbruk er andre hovudføre mål. Elles er området sett av til ulike trafikkføre mål. Fanghol gamle skule vert regulert til *offentleg eller privat tenesteyting*.

Reguleringsføre mål	Bygningar og anlegg	
	Bustader - frittliggjande - småhus	8,6 da
	Offentleg eller privat tenesteyting	0,7 da
	Barnehage	6,0 da
	Undervisning	14,7 da
	Uteopphaldsareal	12,9 da
	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	3,9 da
	Køyreveg	1,7 da
	Gang-/sykkelveg	2,2 da

Annan veggrunn – grøntareal	0,2 da
Kollektivhaldeplass	3,1 da
Parkeringsplassar	

Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift	38,4 da
Landbruksformål	

92,6 da

Totalt

*Føremålet bustader-
frittliggjande - småhus*

Felt BF1 består av fire einebustader og formålsgrensa følgjer eksisterande eigedomsgrenser. Dei tre nordlegaste einebustadene er tidlegare regulert til bustadføremål. Den fjerde einebustaden er ikkje regulert, men avsett til dette føremålet i kommuneplana. Det er satt generelle føresegnar for feltet i tillegg til føresegnene frå gjeldande reguleringsplan.

Arealet mellom den sørlegaste bustadtomta og køyrevegen er regulert som bustadføremål. Grunneigarane står fritt til om dei vil la eigarforholda vere som i dag eller la bustadeigaren kjøpe dette arealet, som vert liggjande mellom bustaden og køyrevegen.

*Føremålet offentleg
eller privat
tenesteyting*

Gamle Fanghol skule er regulert til føremålet offentleg eller privat tenesteyting. Kulturskulen nyttar bygget i si verksemd.

Føremålet barnehage

Arealet regulert til barnehage er utbygd i fleire byggetrinn. Det siste byggetrinnet er nyleg avslutta. Det vert ikkje plass til større utbygging her i framtida sidan arealet allereie er godt utnytta. Kommunen har ikkje oppdatert kartgrunnlag i høve til det siste tilbygget. Det er derfor ikkje vist på plankartet.

*Føremålet
undervisning*

Området er avsett til undervisning og inneheld eksisterande bygningar og legg samtidig til rette for utviding av skulearealet. Ny bygningsmasse skal plasserast innanfor byggegrensene som kjem fram av plankartet og graden av utnytting skal ikkje overstige %-BYA = 35 %.

Området har eit areal på omlag 14 500 m². Det betyr at det kan førast opp ei bygningsmasse med ei samla grunnflate på inntil 5 075 m². Det er frå kommunen opplyst at eksisterande bygningsmasse har ei brutto grunnflate på 2 335 m². Det medfører at ny bygningsmasse kan ha eit tilbygg med grunnflate på inntil 2 740 m². Ein må gå ut frå at den nye bygningsmassen dels vert oppført over to etasjar, ev. også med underetasje. Ut frå rapport frå Norconsult vil ei maksimal utbygging medføre eit bygg på ca. 5 800 m² bruttoareal. Med ei utbygging på ca. 800 m² eller meir i 2. etasje og/eller underetasje, vil ein såleis ha god margin i høve til ei maksimal utbygging med %-BYA = 35 %. Vi har også vurdert dette i høve til dei to ideskissene som ligg føre.

Dei eksisterande skulebygningane er relativt låge og har flate tak. Den nye

bygningmassen skal harmonerast med desse og skal derfor også ha flatt tak. Maksimal tillat gesimshøgde er satt til cote 58,0.

Areal som ikkje vert nytta til bygningar skal opparbeidast som uteareal. I tilknytning til hovudinngangane skal det opparbeidast overbygd sykkel-parkering.

Kommunen ønskje å utvikle Julsundet skule til eit samlande nærmiljøanlegg for fastlandsdelen av kommunen og legg derfor til rette for at skulen også kan nyttast som samfunnshus.

Det er krav om ferdigstilling av skulebygget i 2017. Planprosessen må derfor skje nokså raskt sidan detaljplanen må vere på godkjend før detaljplanlegginga og plasseringa av skulebygget kan starte. Utforming av ny bygningmasse og uteareal må sjåast på i samheng. Det er viktig med fleksibilitet, og i føresegnene til UV1 vert det vist til ei fleksibel plassering av ny bygningmasse med føringar for utnyttingsgrad og maksimal byggehøgde.

Føremålet
uteopphaldsareal

Det er sett av to uteopphaldsareal. U1 er felles for barnehagen og skulen, mens U2 skal nyttast av skulen. U1 er regulert som uteopphaldsareal i gjeldande reguleringsplan. U2 er ikkje tidlegare regulert, men er sett av som framtidig offentleg areal i kommuneplana. U2 høyrer i dag til landbruks-eigedommen 16/3, så dette arealet må kommunen kjøpe av grunneigar.

U2 skal vere eit uteområde der ein ikkje skal gjere store inngrep i terrenget eller fjerne mykje vegetasjon. Benker, leikeapparat etc vert tillate innanfor området. Om det vert ønskeleg eller naudsynt kan det etablerast planfri kryssing over V5, som trygg forbindelse mellom skulen og U2.

Føremåla *køyreveg, gang-/ sykkelveg, annan veggrunn og kollektivhaldeplass*

Køyrevegane er både offentlege, felles og private areal. Ny vegløysning er vist i detaljplanen. Det er sett generelle føresegner til trafikkareala. Vi viser elles til planskildringa sine kapittel der trafikk-løysing og trafikkstryggleik er skildra.

Føremålet
parkeringsplassar

Arbeidet med etablering av parkeringsplassen, som skal vere felles for barnehagen og skulen, er i stor grad fullført. Sjå meir under punktet: *Parkering.*

Føremålet
landbruksformål

Området er regulert til landbruksføremål i samsvar med nåverande bruk. Eksisterande atkomstveg over landbruksområdet er regulert til trafikkføremål.

Omsynssone *frisikt*

Desse områda er sett av til soner for frisikt. Sonene må ikkje brukast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt.
Krysset mellom o_V2 og o_V5: Målt frå eit punkt 10 meter inn i krysset skal det vere frisikt på 100 meter i kvar retning.
Kryssing mellom o_V5 og gang- og sykkelveg: Målt frå eit punkt midt i sykkelveg og 8 meter inn i veg o_V5 skal det vere 30 meter frisikt nordover,

og 20 meter frisikt sørover. Sjå begrunning under *kap 8, Trafikkløysing*.

Krysset mellom V6 og o_V5, o_V2 og utkøyring frå parkeringsplass og bussløyfe skal frisikta, målt frå eit punkt 4 meter inn i avkjørselen, vere 45 meter til begge sider.

Innanfor frisiktsonene skal terrenget planerast ned til 0,5 meter over nivået til vegar som grensar til arealet. Området skal haldast ryddig slik at nødvendig fri sikt til ei kvar tid vert oppretthaldt.

Omsynssoner støy

Asplan Viak har gjort ei støyvurdering av området, og støysonene frå berekningane er påført plankartet. Dei utførte støyberekningane viser følgjande resultat:

- Ca. 80% av skulen sitt uteområde tilfredsstillir t-1442.
- Ca. 20% av skulen sitt uteområde, oppe på kollen i vest ligger i gul støyson og vil i hovudsak hamne i kvit støyson ved oppføring av en større støyskjerm med høgde 3 meter og lengde 110 meter langs skuletomta i vest, parallelt med FV662.




Føreslått områdeskjerm

Den føreslåtte områdeskjermen er av omfattande karakter og føreset at kollane i vest vert brukt til leikeformål. Dette området sitt faktiske bruksformål bør undersøkast for å unngå fordyrande skjermingstiltak.

Dersom kollane i vest vert brukt til leikeformål, vil framleis minimale areal ligge i gul støyson etter skjerming, men vert likevel vurdert å tilfredsstillere intensjonen til T-1442 og M-128.

Det er derimot opp til kommunen å avgjere om dette er akseptabelt.



Støy på fasade

Slik tilhøva er for ein framtidig situasjon utan skjermingstiltak vil kun eit mindre areal på øvre del av fasaden til det utvida skulebygget ligge innanfor gul støysone.

Innandørs støynivå frå utandørs støykilder vil tilfredsstillende klasse C i NS 8175:2012, sjølv utan skjermingstiltak på bakkeplan.

Vi viser til vedlagt støyrapport «*Støyvurdering Julsundet skole*» datert 24.11.14 for utfyllande informasjon.


Trafikkløysing

Det er planlagt ny langsgående av- og påstigningsplass for skulebussar på austsida av Vollskaret. Herifrå går det gangveg direkte opp på skulen sitt område. Denne vart lagt i ei sløyfe for å oppnå universell utforming med ei stigning på 1:20. Bussen skal nytte eksisterande bussløyfe vest for P1 for å snu. Det er gjort utrekningar for å sjekke at radien er tilfredstillande for buss. Busselskapet er også kontakta for å få ei godkjenning til å bruke denne vidare som snusløyfe. På den nye parkeringsplassen er det lagt til rette for eit eige av- og påstigningsområde for bil.

Det vert planlagt gang- og sykkelveg langs Vollskaret mot skulen. Vidare nordover vert den eksisterande gang- og sykkelvegen flytta aust for bussløyfa for å kople seg på gang-/og sykkelvegen langs parkeringsplassen og vidare opp på skulen sitt nivå.

Dei tre nordlegaste bustadene vil få tilkomst dei har i dag. I tillegg kan vegen nyttast til varelevering for skulen. Det vert ikkje tillate anna trafikk på denne vegen. Tiltak som for eksempel skilting må vurderast av kommunen om det vert trong for å konkretisere bruken av vegen. Vegen over landbrukseigedommen vert slik som i dag og er regulert som køyreveg på plankartet.

Parkering



Teikning av ny parkeringsplass

Bygging av ny parkeringsplass nord for skulen er i ferd med å slutførast. I tillegg til fleire parkeringsplassar er det sett av eit eige område til av- og påstigning.

Universell utforming

I føresegnene § 3.5 er det satt følgjande krav om universell utforming: *Prinsippa for universell utforming skal, så langt som råd, leggest til grunn innanfor reguleringsformåla ved utforming av alle trafikkanlegg, uteopphaldsareal m.m. Ut over dette gjeld universell utforming av byggverk slik det er nedfelt i Plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift, TEK 10.*

Den nye av- og påstigningsplassen for skulebussane er utforma etter prinsippa om universell utforming. Det same er gangvegen som går frå haldeplassen og opp på skulen sitt område. Når det gjeld den nedre delen av Vollskaret gjer den eksisterande situasjonen det vanskeleg å oppnå stigning 1:20. Det vert så langt som råd lagt til rette for ei stigning på omkring 1:12.

Uteopphaldsareal

Det er regulert to store areal til uteopphaldsareal. I tillegg vert barnehagen og skulen sine ubygde areal nytta som uteopphaldsareal.

Landbruksfaglege vurderingar

Landbrukseigedommen sør på planområdet vert regulert i samsvar med dagens situasjon, bortsett frå uteopphaldsarealet U2. Einaste utvidingsmoglegheit skulen har er mot sør, så dette arealet vert regulert til uteopphaldsareal i tråd med kommuneplana. U2 ligg på ei høgde i høve til landbrukseigedommen og er ikkje dyrka mark. Føresegnene tilseier ei avgrensa opparbeiding/bruk for U2.

Kollektivtilbod

Det går bussruter mellom Aukra-Molde og Fræna-Molde gjennom Julsundet. Det er Aukra Auto AS og Atlantic Auto AS som er bussoperatørar for desse

	rutene. Atlantic Auto AS er ansvarleg for elevtransport til/frå skulen.
Kulturminner	Det er ikkje innarbeidd reglar for disponering av gamle Fanghol skule, slik Fylkeskommunen kommenterer i sin merknad. Slike reglar må sjåast i samanheng med gjeldande arealbruk i kommuneplanen sin arealdel som er offentleg areal og sentrumsfunksjonar, samt revisjonen av arealdelen som er i gang.
Plan for vatn og avlaup / el-forsyning	Reguleringsplanen legg ikkje til rette for nye tiltak som vil medføre vesentleg endring av eksisterande vatn- og avlaupssystem eller elforsyning.
Plan for avfallshenting	Reguleringsplanen legg ikkje til rette for nye tiltak som vil medføre større endringar for dagens avfallsløysning. Ved utviding av skulen må ein eventuelt vurdere om det er behov for å endre litt på dagens løysning.
Avbøtande tiltak/ løysingar ROS	<u>Trafikktryggleik</u> : Eksisterande kryss til området skal flyttast og byggast om, og det skal opparbeidast undergang for trygg kryssing av fylkesvegen.
Rekkefølgekrav	<p>Det er i føresegnene satt følgjande rekkefølgekrav:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Før ferdigattest blir gitt skal tilhøyrande gang/- sykkelveg, køyrevegar, parkeringsareal og uteopphaldsareal vere ferdig opparbeidde. - Annan veggrunn – grøntareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med tilliggjande køyreveg og gang-/ sykkelveg. - Trafikksikringstiltak skal vere på plass samstundes med at utvidinga av skulen (skule-bygget og uteareal) vert ferdigstilt. - Fysisk avgrensing mellom parkeringsareal, køyrbart areal og gang-/sykkelveg skal vere ferdigstilt samstundes med køyrevegane og gang-/sykkelvegane. Likeins skal støttemur i betong ved gang-/sykkelvegen vest for P1 vere på plass. - Ein må sikre høge fjellskjeringar med gjerde der det er naudsynt. Dette skal vurderast og utførast samstundes med at tilliggjande områder vert opparbeidd. - Før utvidinga av skulen kan starte/tas i bruk skal kollektivløysninga, snusløyfa og av- og påstigningsoner vere på plass. - Fartsdempande tiltak langs veg V2 skal vere på plass samstundes med at parkeringsplassen P1 vert ferdigstilt. - Støyreducerande tiltak skal opparbeidast i samsvar med rapport <i>Støyvurdering Julsundet skole</i>, datert 24.11.14, før området vert tatt i bruk.

7. KONSEKVENsutGREIING

Ikkje aktuelt.

8. VERKNADAR/ KONSEKVEN SAR AV PLANFORSLAGET

Overordna planar	<p>Planforslaget samsvarar i hovudsak med kommuneplanens arealdel. Areala i sørvest, som ikkje er i samsvar med kommuneplana, er endra i høve grunn-eigar sitt ønske om å oppretthalde eigedom 16/3 som landbruksareal. Aukra kommune er i gang med utarbeiding av ny kommuneplan.</p> <p>Det er fleire gjeldande reguleringsplanar for Julsundet sentrum. Den eldste; «Julsundet sentrum» frå 1988 er seinare erstatta av fleire mindre endringar. Det er ønskjeleg å erstatte alle desse med ei ny samla plan. På grunn av tidspress er det vanskeleg å få gjennomført dette for alle planane. Nord for planområdet er det ei gjeldande reguleringsplan for bustadområdet som må oppdaterast. Det vert gjennomført seinare som ein eigen planprosess. Kommunen vil om kort tid starte arbeidet med reguleringsplan for ny løysing for krysset og undergangen ved fylkesvegen.</p>														
Landskap	<p>For å kunne opparbeide gang- og sykkelvegen og busshaldeplassen på austsida av Vollskaret, må ein del av den store fjellknausen vest for skulen fjernast. Den nye veggen gjer og at ein må endre terrenget her for å kunne få tilstrekkeleg stigning.</p>														
Kulturminner og kulturmiljø	<p>Sidan det er eit visst potensiale for funn av kulturminner, er det tatt inn eit punkt i føresegnene om at arbeidet skal stoppast og melding sendast kulturvernmyndigheitene, dersom det under arbeid i området kjem fram gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området.</p> <p>Fylkeskommunen skriv i sin merknad at det er viktig å sikre at gamle Fanghol skule vert teken vare på, og at kommunen i høve utarbeiding av kommuneplan for kulturminne ser for seg kva status den gamle skulen skal ha. Kommunen ønskjer ikkje å gje gamleskulen ny arealbruk og det er ikkje inarbeidd reglar for disponering av gamle Fanghol skule då slike reglar må sjåast i samanheng med arelbruken i gjeldande kommuneplan sin arealdel, kor området er avsett til offentleg areal og sentrumsføremål.</p>														
Forholdet til krava i kapittel II i Naturmangfaldlova	<p>Vi har sjekka Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase og Artsdata-banken. Vi fant følgjande for planområdet:</p> <table border="0" style="width: 100%;"> <tr> <td style="padding-right: 20px;">Verna område:</td> <td><i>Ingen registreringar</i></td> </tr> <tr> <td>Foreslått verna:</td> <td><i>Ingen registreringar</i></td> </tr> <tr> <td>Naturtypar:</td> <td><i>BN00000190 Rik edellauvskog</i></td> </tr> <tr> <td>Artsdata:</td> <td><i>BA00045307 Kvit skogfrue</i> <i>BA00053126 Rådyr beiteområde</i></td> </tr> <tr> <td>Kulturlandskap:</td> <td><i>Ingen registreringar</i></td> </tr> <tr> <td>Statleg sikra friluftsliv:</td> <td><i>Ingen registreringar</i></td> </tr> <tr> <td>Viktige friluftslivområder:</td> <td><i>Ingen registreringar</i></td> </tr> </table> <p>Edellauvskogen ligg ovanfor husa på Matberget og vestover mot skulen. Den</p>	Verna område:	<i>Ingen registreringar</i>	Foreslått verna:	<i>Ingen registreringar</i>	Naturtypar:	<i>BN00000190 Rik edellauvskog</i>	Artsdata:	<i>BA00045307 Kvit skogfrue</i> <i>BA00053126 Rådyr beiteområde</i>	Kulturlandskap:	<i>Ingen registreringar</i>	Statleg sikra friluftsliv:	<i>Ingen registreringar</i>	Viktige friluftslivområder:	<i>Ingen registreringar</i>
Verna område:	<i>Ingen registreringar</i>														
Foreslått verna:	<i>Ingen registreringar</i>														
Naturtypar:	<i>BN00000190 Rik edellauvskog</i>														
Artsdata:	<i>BA00045307 Kvit skogfrue</i> <i>BA00053126 Rådyr beiteområde</i>														
Kulturlandskap:	<i>Ingen registreringar</i>														
Statleg sikra friluftsliv:	<i>Ingen registreringar</i>														
Viktige friluftslivområder:	<i>Ingen registreringar</i>														

vestlegaste delen av skravuren kjem så vidt i kontakt med planområdet. Dette arealet er regulert til utopphaldsareal og skal ikkje utbyggast. Vår vurdering er at planen ikkje får nokon direkte konsekvens for denne naturtypen.



Kartutsnitt frå naturbasen: grøn skravur viser edellauvskogen

Planområdet inngår i eit beiteområde for rådyr. Planområdet er utbygd frå før og detaljplanen legger ikkje til rette for bygging på urørt areal. Vurderinga vår er at planen ikkje får nokon direkte konsekvens for beiteområdet.

I 2003 vart det registrert 30-40 kvite skogfruer sørvest for skulen i Julsundet. Dette er ikkje ein prioritert art.



Kartutsnitt frå naturbasen: grøn firkant visar området kor det er registrert kvit skogfrue

Vurdering av Naturmangfaldlova §§8-12

For alle saker som gjeld naturmangfald følgjer det av naturmangfaldlova § 7 at prinsippa i MNL §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit, og det skal gå fram korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

§ 8 (kunnskapsgrunnlaget)

Offentlege avgjerder som vedkjem naturmangfald skal så langt det er rimeleg bygge på vitskapeleg kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypar si utbreiding og økologiske tilstand, samt effekten av påverkningar. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimelig forhold til saka si karakter og risiko

for skade på naturmangfaldet. Myndighetene skal vidare leggje vekt på kunnskap som er basert på generasjonar sine røynsler gjennom bruk av og samspel med naturen, her under slik samisk bruk, og som kan gi bærekraftig bruk og vern av naturmangfaldet.

Vår vurdering:

Det er utført ein utsjekk i Naturbasen til Direktoratet for naturforvaltning og i Artsdatabankens artskart. Vi har ikkje registrert artar eller naturtypar som er kritiske i forhold til rødlisteartar eller trua naturtypar innanfor planområdet. Vi fant tre registreringar under naturtypar og arter; jfr. vår orientering om desse registreringane på s. 13-14. Det er ikkje komme fram opplysningar i saka som skulle tyde på at det kan vere artar eller naturtypar i planområdet som ikkje er fanga opp av nemnte registreringar. Kravet i § 8 om at saka skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap er dermed oppfylt og Naturmangfaldlovens § 8 er dermed tatt vare på.

§ 9 (føre-var-prinsippet)

Når det vert tatt ei avgjerd utan at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva verknad den kan ha for naturmiljøet, skal ein søkje å unngå muleg skade på naturmangfaldet. Dersom det ligg føre ein risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngeving for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

Vår vurdering:

Når det gjelde første ledd viser vi til vurderinga av § 8. Når det gjeld andre ledd har vi ikkje kunna påvise at det i området ligg føre risiko for alvorleg og/eller irreversibel skade på naturmangfaldet.

§ 10 (økosystemtilnærming og samla belastning)

Ein påverknad på eit økosystem skal vurderas ut frå den samla påkjenninga som økosystemet er eller vil verte utsett for.

Vår vurdering:

Dette er ikkje ei relevant problemstilling for planområdet.

§ 11 (kostnader ved ringare miljø skal kostast av tiltakshavar)

Tiltakshavar skal dekke kostnadene ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket medfører, dersom dette ikkje er urimelig ut frå tiltaket og skaden si karakter.

Vår vurdering:

Dette er ikkje ei relevant problemstilling for planområdet.

§ 12 (miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfaldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultat.

Vår vurdering:

Dette er ikkje ei relevant problemstilling for planområdet.

Rekreasjons-
interesser/-bruk

Vi viser til skildring av uteoppfallsareal etc i planskildringa.

Uteopphaldsareal/
Barn og unges
interesser

Sosial- og helsedirektoratet utarbeida i 2003 ein rapport om skulene sine uteareal. Der gjer direktoratet framlegg om følgjande arealkrav:

- Eit generelt minimumskrav på 50 m2 netto uteareal pr. elev.
- Minste samla uteareal ved middels store skuler (mellom 100 og 300 elevar): ca. 10 000 m2.
- Minste samla uteareal ved store skuler (fleire enn 300 elevar): ca. 15 000 m2. For kvar elev over 300 kjem eit tillegg på 25 m2 pr. elev.

I saksframlegget for behandling av oppstart av utbygging av Julsundet skule i formannskapet/kommunestyret i desember 2013 er følgjande dimensjonering lagt til grunn for omfanget av utbygginga:

- Julsundet skule skal dimensjonerast for 275 elevar; 140 på barnetrinnet og 135 på ungdomstrinnet.

I Norconsult sin rapport «Kvalitetssikring av beslutningsgrunnlag» frå mai 2013 har dei kome fram til eit høgare elevtall enn den prognosen som det er vist til i saksframlegget frå desember 2013:

- Norconsult har eit elevtall på 376 i sin rapport.

I føresegnene er det satt ein utnyttingsgrad på 35 % for skuletomta, som gir ein ubyggd prosentdel på 65%. Ubygd areal av skuletomta UV1:

$$65 \% \text{ av } 14\ 500 = 9\ 425 \text{ m}^2$$

Uteopphaldsareal U1 skal delast med barnehagen:

$$7\ 650 / 2 = 3\ 825 \text{ m}^2$$

Uteopphaldsareal U2 skal nyttast av skulen aleine:

$$5\ 300 \text{ m}^2$$

Samla uteopphaldsareal:

$$9\ 425 + 3\ 825 + 5\ 300 = 18\ 550 \text{ m}^2$$

Vi har tatt utgangspunkt i det høgste dimensjoneringsgrunnlaget på 376 elevar. Jfr. Sosial- og helsedirektoratet si tilråding ovafor for ein stor skule med over 300 elevar :

$$\text{Minimumskrav} = 15\ 000 \text{ m}^2$$

$$\text{For kvar elev over 300: } 76 \text{ elevar} \times 25 \text{ m}^2 = 1\ 900 \text{ m}^2$$

$15\ 000 + 1\ 900 = 16\ 900 \text{ m}^2$. Ein er då godt innanfor tilrådinga når planområdet har eit totalt uteopphaldsareal på om lag $18\ 550 \text{ m}^2$. (Buffer på ca. $1\ 650 \text{ m}^2$).

Om ein reknar ut i frå elevtall og tilrådd krav på 50 m^2 pr. elev, vert det for planområdet: $18\ 550 / 376 = 49 \text{ m}^2$ uteareal pr. elev. Ein er ved denne utrekninga også nesten i samsvar med tilrådinga for minimum uteareal ved ei maksimal utbygging for 376 elevar.

Skulen sitt uteareal skal utformast på ein slik måte at det gir rom for allsidige aktivitetar for barn i alle aldrar. Eit variert og tilrettelagt uteareal ved skulen har fleire positive effektar. Det gir eit variert opplæringsmiljø, og plass for sosial læring gjennom samhandling. Det verkar stimulerande på trivsel, motivasjon og læring. Det kan og vere viktig for å redusere vold, mobbing og uro. Det er viktig at uteareala også kan vere ein attraktiv møtestad for nærmiljøet.

Detaljplanlegging av skulen vil starte når denne detaljplanen er godkjend. Det vert då viktig å sikre så gode soltilhøve som råd og skjermte uteareal mot vind. Fylkeskommunen tilrår kommunen i merknaden sin å la barna ta del i planlegging av skulen sine areal.

Kommunen har utført registrering av barnetråkk i samband med forarbeidet til revisjonen av kommuneplanen sin arealdel.

Trafikkløysning

Rådgjevarfirmaet Rambøll har vore involvert i planprosessen. Dei har vurdert Vollskaret i høve trafikktryggleik og teknisk løysning, stigning og kurvatur. De har også sett på trafikkavviklinga for busstransport.

I tillegg til valt vegløysning har det vore vurdert to andre alternativ:


Alternativ 1 gikk ut på at tilkomst til de tre bustadtomtene og varelevering til skulen vert lagt via ein ny veg som gjekk over L1 – vest for bustadhuset på ei slik løysing ville vere at skulen fekk eit større samanhengande areal. Løysninga vart likevel forkasta av omsyn til grunneigarane.

Alternativ 2: I dette alternativet vart det vurdert ein ny veg sør for L2. Denne kunne gi tilkomst til Matberget og de tre bustadtomtene aust for skulen. Dette ville bli ei kostbar løysing for kommunen. Alternativet vart forkasta av omsyn til kostnader.


Løysninga for tilkomst til bustadene og varelevering for skulen er valt som eit kompromiss der ein tar tilstrekkeleg omsyn til grunneigarane av landbruksarealet og bustadene på felt BF1. Tilkomst til planlagt bustadutbygging på Matberget er ikkje løyst i denne planprosessen.

Frisikt:

For gang- og sykkelvegen er det ikkje mulig å tilfredstille figur E.30 i håndbok N100, med augepunktet 20 meter frå midt på gang- og sykkelvegen.



Figur E.30: Siktkonfigurasjon mellom gang- og sykkelveg/sykkelveg og veg der syklende på gang- og sykkelvegen har vikepøkk (målt i m)



Figur E.31: Siktkonfigurasjon mellom gang- og sykkelveg/sykkelveg og avkjørsel (målt i m)

Vi har derfor flytta dette punktet så langt opp i vegen som mulig, utan å måtte fjerne fjellhammaren sørover. Og laga lengre frisikt opp- og nedover i gang- og sykkelvegen. Det er også tatt høgde for at gang- og sykkelvegen har eit fall på meir enn 3%, og derfor er siktlengda økt i nordleg retning. Det er 3 bustadar som skal nytte denne vegen, og noko køyring til og frå skulen, og vi meiner derfor at frisikta er ivaretatt på ein god måte.

Sosial infrastruktur

Detaljplanen legg til rette for utviding av skulen og skulekapasiteten vil dermed auke. Bergetippen barnehage har nok ikkje lenger tilstrekkeleg areal til større utvidingar. Framtidige areal for barnehageutbygging blir omhandla i arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Universell utforming

Det er lagt til rette for at området skal utformast på ein slik måte at det tilfredsstiller krava om universell utforming, så langt det lar seg gjere. Dette er omtalt nærare under kapittel 6; *Skildring av planforslaget*.

ROS

PBL krev at ein i planarbeid skal utføre ei risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet. Hensikta er både å avdekke om det er eksisterande risiko- og sårbarheitsforhold som vil ha betydning for planen, og om planlagt utbygging vil representere nye slike forhold.

Vurderingane er gjort med bakgrunn i Fylkesmannens sjekkliste (sist revidert 02.01.13). Utfylt sjekkliste er vist på neste side.

Omgivnad, punkt b:

Det er nokre høge fjellskjeringar i området. Desse vert sikra med høge gjerder der dette er naudsynt. Dette er tatt inn i føresegnene.

Infrastruktur, punkt a:

Det er dei siste fire åra registrert 4 ulykker langs fylkesvegen, der tre er lettare skadd og ein alvorleg. Fylkesvegen ligg utanfor planområdet, og planforslaget vil ikkje føre til auka trafikk. Kommunen skal starte regulering av krysset / undergangen.

Oppsummering:

Ei utbygging i samsvar med planforslaget vil etter vår vurdering ikkje føre til negative konsekvensar for risiko- og sårbarheits situasjonen i området, jfr. kommentarane ovanfor.

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	x	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	x	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	x	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	x	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	x	
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	x	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	x	
	i	Anna (spesifiser)?		
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc.)?		x
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	x	
	d	Anna (spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	x	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	x	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	x	
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	x	
Infrastruktur	a	Er det kjente ulykkespunkt på transportnettet i området?		x
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårar inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	x	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	x	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	x	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	x	
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	x	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	x	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	x	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	x	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	x	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	x	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	x	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	x	
	d	Anna (spesifiser)?	x	
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	x	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	x	

Landbruk

Eigedommen sør på planområdet vert regulert til landbruk i samsvar med nånverande bruk av området. Skulen sitt behov for utviding gjer at 16/3 vert noko redusert sidan arealet nærast skulen vert regulert til uteopphaldsareal. Dette er einaste staden der skulen kan utvide utearealet. Det går ikkje utover dyrka mark sida dette arealet ligg på ei høgde i høve til anna landbruksareal og ikkje er dyrka mark.

9. INNKOMNE INNSPEL

Innkomne merknader til melding om oppstart av planarbeidet vert kort referert nedanfor. For kommentarar til merknadene viser vi til kommunen sitt saksframlegg.

Offentlege høyringsinstansar	<ul style="list-style-type: none"> - Statens vegvesen, datert 22.01.2014 - Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 05.02.2014 - Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 13.02.2014
Grunneigarar, naboar og andre berørte parter	<ul style="list-style-type: none"> - Marianne Bolghaug, Barn og unges representant i plansaker, datert 09.01.2014 - Istad Nett AS - Terje Gjendem, datert 10.02.2014 - Sverre Dyrhaug, Nina Helen Astad Langbakk og Oddvar Moen, datert 11.02.2014
Statens vegvesen, 22.01.2014	<p>Statens vegvesen er i dialog med kommunen og Arkitektkontoret BBW i høve områdeplan for FV 662. Denne reguleringsplanen vil omhandle eit av dei mest omdiskuterte områda langs fylkesvegen: undergang med tilhøyrande kryss. Det er viktig at denne reguleringsplanen legg til rette for tilstrekkelig vegareal ved undergangen og eventuelle justeringar/endingar av krysset til FV 662.</p> <p>Det er også viktig å sikre trygg ferdsel for mjuke trafikantar og størst mulig separering frå motorisert ferdsel, samt fokusere på universell utforming.</p>
Møre og Romsdal fylkeskommune, 05.02.2014	<p>Planområdet bør utvidast slik at heile plana for Julsundet sentrum (07.09.88) vert erstatta fullt og heilt av den nye planen.</p> <p>Det er ikkje kjente automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, men delar av området inneheld likevel eit visst potensiale for slike funn, særleg dei dyrka flatene ved Fanghol gamle skule. Her må det gjennomførast ei arkeologisk registrering med gravemaskin. Det kan og vere aktuelt å ta prøvestikk med spade andre stadar. Kommunen må ta kontakt med fylkeskommunen for ein nærare avtale.</p> <p>Det er viktig at planarbeidet sikrar at gamle Fanghol skule vert teken vare på, og det bør lagast føresegner som tilseier at restaurering og vedlikehald skal skje med utgangspunkt i antikvariske retningslinjer.</p> <p>Ein bør gjere vegsystemet for gåande og syklande så trygt og oversiktleg som mogleg. Kommunen vert oppmoda til å gjere ei barnetråkk-registrering. Fylkeskommunen anbefaler også at skuleborna vert involvert i utviding av skulen, og særleg endring/utviding av uteområda. Universell utforming må leggest til grunn for utforminga.</p> <p>Planområdet grensa i sør til avsett senterområde i gjeldande kommuneplan. Dersom kommunen framleis ynskjer at området skal romme sentrumsfunksjonar, bør dette gje føringar for arealbruken i planområdet.</p>

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 13.04.2014** Planarbeidet må avklare støytilhøva i området. Det må gjennomførast ei risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, med utgangspunkt i fylkesmannens si sjekkliste. Planen må sikre tilgang til gode og funksjonelle uterom som er eigna for leik og rekreasjon.
- Marianne Bolghaug, Barn og unges representant i plansaker, 09.01.2014** Barn- og unge sin representant ber spesielt om at planen sikrar gode tilkomstvegar til skule, SFO og barnehage. Vil ein i dette planarbeidet vurdere plass for eventuell utvida barnehagedrift i området?
- Istad Nett AS** Istad Nett har ingen kommentar til planarbeidet, men orienterer om sitt nett i området. Istad Nett ønskje å få tilsendt godkjent reguleringsplan i SOSI-format.
- Terje Gjendem, 10.02.2014** Eigarar av 16/3 stiller seg uforståande til den reguleringsplanen som er tilsendt. Viser til at det skal sikrast landbruksverdiar og ynskjer ei klargjering på kvifor denne eigedomen er regulert på denne planen. Det vert vist til ein munnleg avtale med ordførar Bernhard Riksfjord og kommunalsjef Geir Gøncz om at området mot skulen og vest mot hovudvegen ikkje skal rørast ved utviding av skulen.
- Sverre Dyrhaug, Nina Helen Astad Langbakk og Oddvar Moen, 11.02.2014** Ser det som svært positivt at kommunen vil ta fatt på nokre av dei trafikale utfordringane for skulen og barnehagen. Kommunen vert oppmoda om å justere reguleringsgrensene for det aktuelle planarbeidet slik at vi for eit heilskapleg reguleringsarbeid for heile sentrumsområdet. Har oppfatta det slik at det ikkje vert gjort endring av vegføringa frå Vollskaret opp til deira eigedomar, Skolebakken 15-17.

10. ENDRINGAR ETTER OFFENTLEG ETTERSYN

Plankart, føresegner og planskildring vart oppdatert etter offentleg ettersyn. Endringane omhandlar oppdatering etter støyvurdering utført av Asplan Viak (rapport datert 24.11.2014) og innteikning av frisktsoner for gang- og sykkelvegen.